



SAR AS AVD FLORØ
Postboks 428 Fjordbasen
6901 FLORØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Åsmund Skancke Karlsnes, 5764 3122

Rapport frå inspeksjon ved SAR AS avd. Florø

Kontrollnummer: 2024.183.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:
Rune Blom

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Åsmund Skancke Karlsnes
Sissel Storebø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved SAR AS avd. Florø 7. mai 2024. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland fann 4 avvik under inspeksjonen.

Avvik:

1. Verksemda har ikkje forsvarleg handtering av alt farleg avfall
2. Lagring av farleg avfall på tank kan føre til fare til forureining
3. Verksemda har noko mangelfull internkontroll for ytre miljø
4. Verksemda lagrar EE-avfall utan klimavern

Avvika er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Med helsing

Mari Katrine Berg-Arnesen
senioringeniør

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: KINN KOMMUNE

Postboks 294

6701

MÅLØY



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: SAR AS avd. Florø	
Org.nr.: 972 117 234	Eigd av: 944 178 228
Bransjenr. (NACE-kode): 38.320 - Sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning	

Kontrollert eining

Namn: SAR Florø Botnastranda - farleg avfall	Anleggsnr.: 4602.0129.01
Kommune: Kinn	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Farlig avfall – mottak og mellomlagring	
Løyve gitt: 13.12.2013	Sist endra: 28.06.2018

2. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet vart gjennomført som ein del av den nasjonale tilsynsaksjonen retta mot anlegg som tek imot og mellomlagrar farleg avfall. Aksjonen er ei oppfølging av tidlegare tilsvarande aksjonar, sist i 2018. Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Inspeksjonstema

- mottakskontroll av avfall
- lagring og merking av farleg avfall
- vidarelevering av farleg avfall
- utslepp til vatn
- internkontroll, inkl. risikovurdering og avviksbehandling

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.



4. Oppfølging etter inspeksjonen

SAR AS avd. Florø pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **15. oktober 2024** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 7. mai 2024. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må SAR AS avd. Florø betale eit gebyr på kr 31 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har ikkje forsvarleg handtering av alt farleg avfall

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta § 11-5, § 11-8 og § 11-12, vedlegg 4 punkt 1 d

Kommentarar til regelverket

Leveringsplikt og dokumentasjon på farleg avfall

Dersom verksemda har meir enn 1 kg farleg avfall, skal det farlege avfallet leverast til godkjent mottak minst ein gong per år. Før avfallet vert levert skal emballasjen vere merkt, og type og mengd skal vere registrert i den nasjonale databasen www.avfallsdeklarering.no.

Lagring av farleg avfall

Alt farleg avfall som oppstår i verksemda må lagrast forsvarleg. Det inneber mellom anna at farleg avfall må lagrast skilt frå anna avfall, kvar avfallstype må lagrast for seg i eigna emballasje og emballasjen skal vere godt og eintydig merkt med innhald. Nødvendige tiltak for å unngå fare for



forureining eller skade på menneske eller dyr må setjast i verk. Lagring av farleg avfall skal skje under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan nyttast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.

Observasjonar

Farleg avfall lagra lengre enn 1 år

Verksemda hadde fleire fraksjonar med farleg avfall som hadde stått over eit år, mellom anna 7022, 7143, 7030, 7025. Desse hadde stått i minst 2,5 år. Overskridinga av lagringstida på 7022 var ikkje fanga opp av intern journal. Verksemda peika på nasjonale utfordringar nedstraums.

Uforsvarleg lagring av farleg avfall

Verksemda lagrar ferdig emballert farleg avfall under tak, på asfalt med avrenning til oljeutskiljar. Det var berre éin vegg på overbygget, og noko uemballert avfall stod i fare for å bli vått, med fare for avrenning til oljeutskiljar som følgje av nedbør.

Verksemda settlar farleg avfall ute i basseng av betong. Det var ikkje tak over bassenget. Det var tidlegare gjort forsøk for å få på plass eit klimavern for bassenget, men dette hadde ikkje fungert. Ved store nedbørsmengder er det ein fare for at bassenget blir overfylt og avrenning går til oljeutskiljar. Verksemda opplyste at dei gjennomfører visuell inspeksjon av vasstanden.

Farleg avfallsfraksjonar som kan reagere med kvarandre var lagra ved sida av kvarandre, utan nødvendige sikringstiltak. Dette gjaldt både syrer og basar som var lagra i nærleiken av brennbart avfall, og klor og salmiakk. Dette var avfall som ikkje var ferdig sortert. Verksemda hadde ein intern rutine som denne type farleg avfallsfraksjonar skulle lagrast med avstand.

Farleg avfall utan naudsynt merking

Det var ikkje all emballasje for farleg avfall som var merkt med avfallskode. Dette gjaldt mellom anna oske.

Avvik 2: Lagring av farleg avfall på tank kan føre til fare til forureining

Avvik frå:

- Forureiningsforskrifta §18-4 og § 18-6
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6

Kommentarar til regelverket

Miljørisikovurdering – forureiningsforskrifta §18-4

Det er krav til at den som er ansvarleg for lagringa på tank sjølv eller ved hjelp av ekstern bistand, skal kartleggja miljørisiko, setja akseptkriterium for miljørisiko ved lagringa og deretter vurdere miljørisiko opp mot akseptkriteria. Dersom miljørisikoen ikkje er akseptabel, skal det setjast i verk tiltak slik at miljørisikoen blir redusert til eit akseptabelt nivå. Dette er ei utdjuping av krava i § 5 i internkontrollforskrifta.

Førebyggjande tiltak – forureiningsforskrifta § 18-6

Drenering av regnvatn frå oppsamlingsarrangementa må berre skje kontrollert i samsvar med eigne prosedyrar og dreneringsventilane skal stengjast når dreneringa blir avslutta. Drenering skal skje under oppsyn for å kunne fange opp eventuell forureining som kan ha kontaminert regnvatnet.



Miljøriskovurdering – internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6

Verksemda skal kartlegge farar og problem og på denne bakgrunnen vurdere risiko for miljøet. Vurderingane må ta omsyn til både sannsynlegheit og miljøkonsekvens og status/behov for tiltak må byggje på dokumenterte akseptkriteriar. Der risiko vert vurdert som større enn verksemda sine akseptkriteriar, må det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikoen. Risikovurderinga må omtale alle aktivitetar som kan ha noko å seie for det ytre miljøet.

Observasjonar

Tankar i ringmur

Verksemda har teke i bruk tankar som står i ein eldre ringmur. Tankane er av ein slik storleik at dei er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 18. Det var ikkje utført miljøriskovurdering i samsvar med krava i forskrifta. Tankane mangla overfyllingsvern, men vi fekk opplyst at dette var bestilt.

Regnvatnet frå ringmuren vart pumpa automatisk vidare direkte til oljeutskiljar før utslepp til fjorden. Det var ikkje tatt prøver av vatnet.

Tankar på kaikant

Det var synleg avrenning med blueshine til kum frå lagring av 7025 på tankar som stod lagera i nærleiken av kaikanten. Det var uklart om desse tankane oppfyller krava til lagring av farleg avfall på tank.

Avvik 3: Verksemda har noko mangelfull internkontroll for ytre miljø

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Kommentarar til regelverket

Rutinar - Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Rutinane skal vere dokumenterte og vere ein del av internkontrollen. Rutinar skal dokumenterast skriftleg og sikre at verksemda følgjer krav i miljøregelverket. Rutinane må bli følgd opp i praksis.

Observasjonar

Ein dunk med sandfangmassar stod ute i regnet. Behaldaren var overfylt av vatn og avrenninga gjekk rett til oljeutskillar. Avfallet var ikkje prøveteke. Verksemda opplyste at behaldaren hadde stått der eit par dagar.

Avvik 4: Verksemda lagrar EE-avfall utan klimavern

Avvik frå:

- Avfallforskrifta § 1-22

Kommentarar til regelverket

EE-avfall skal behandlast forsvarleg og ved bruk av dei beste tilgjengelege teknikkane. EE-avfall skal lagrast og bli behandla på plassar med tett dekke, nødvendig anlegg for oppsamling og reinsing av overvatn, og nødvendig tak eller anna klimavern.



Observasjoner

Store mengder EE-avfall blir lagra utanfor hall utan klimavern etter at det er ferdig sortert.

7. Dokumentunderlag

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- utskrift frå avfallsdeklarering.no
- eigenkontrollrapportar frå verksemda